
Fra: Inger Opheim Hindenes
Sendt: 19. mai 2014 13:11
Til: Inger Opheim Hindenes
Emne: Søknad om tillatelse til tiltak på Gnr 54 Bnr 18 Hundvinbu as.

- > Fra: Benjamin Hicks <Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no>
- >
- > Emne: SV: Søknad om tillatelse til tiltak på Gnr 54 Bnr 18 Hundvinbu
- > as.
- >
- > Dato: 14. april 2014 17:53:44 GMT+02:00
- >
- > Til: "Terje Seim (terje@seimbygg.no)" <terje@seimbygg.no>
- >
- > Kopi: Siril Sylta <Siril.Sylta@lindas.kommune.no>, Øystein Sørhaug
- > <Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no>
- >
- >
- > Terje Seim,
- >
- > Takk for tilbakemelding 17:53:
- >
- > Her er det eg tenkjer så langt...
- >
- > Eg har gått gjennom saka etter beste evne, men som følgje av
- > kvaliteten på innsendt dokumentasjon, har det vore vanskeleg å avklare
- > om det manglar dokumentasjon eller om det er avvik i søknadsmateriellet.
- >
- > Eg vil likevel peike på fylgjande som må i alle fall vere klarlagt
- > før innsending av søknaden:
- >
- > 1. Reguleringsplanen manglar utnyttingsgrad. Det må i utgangspunktet
- > gjerast ei reguleringsendring der ein regulerer inn utnyttingsgraden.
- > Det kan søkjast om dispensasjon frå reguleringsplikta for å byggje ut
- > tiltaka som vist i innsendte teikningar.
- > 2. Opplysningar om tomteareal manglar. Opplysningane i våre registre
- > tek ikkje omsyn til avtalen med Statens vegvesen. Dette bør avklarast
- > i eit eige fylgjeskriv.
- > 3. Dersom saka må handsamast som ei dispensasjonssak må naboar
- > varslast om dette.
- > 4. Det må utarbeidast ny situasjonsplan då innsendt situasjonsplan
- > er basert på eit gammalt kart.
- > 5. Møne skal visast på situasjonsplanen.
- > 6. Manglar plan & snitt for arealet som er skildra som "inngjerdet
- > lagerplass"
- > 7. Det ser ut til å vere avvik mellom fasade nord & øst med omsyn

- > til terreng og skildra grunnmur
- > 8. Manglar parkeringsrekneskap samt parkeringsplan
- > 9. Det kan sjå ut som at skildra tilkomst avviker frå
- > reguleringsplanen med omsyn til utforming.
- > 10. Situasjonsplanen må vise byggjegrænse mot både regulert kommunal
- > veg (10m) og regulert riksveg (30m).
- > 11. Situasjonsplanen må vise byggjegrænse mot offentleg gangveg (15 m)
- > 12. Situasjonsplanen må vise grensa for fareområde
- > 13. Vi gjer merksam på at vi må ha uttale frå Statens vegvesen /
- > Lindås kommune ved teknisk drift dersom tiltaka er i strid med nemnte
- > byggjegrænser mot veg, og uttale frå BKK dersom tiltaka er i strid med
- > grensa for fareområde
- > 14. Løyve frå ARBEIDSTILSYNET må sendast inn før det vert gjeve
- > igangsettingsløyve.
- > 15. Ber om fasadeteikning av det nye inngangspartiet mot NORD
- > 16. Vedlegg og liknande med omsyn til "Merkur-programmet" er ikkje
- > relevant for søknaden.
- >
- > NB! Eg gjer merksam på at saka ikkje kan hansamast administrativt
- > dersom tilbygget er plassert innanfor fareområde.
- >
- > NB! Saka er ikkje ein 3 vekers sak.
- >
- > Håper dette har vore til noko hjelp,
- >
- > Mvh
- >
- > Benjamin Hicks
- >